

# Årsrapport FAU skuleåret 2016-2017

## Fau:

Fau hadde første møte 28.sept 2016. Der vart det vald styre.

Det er 2 representantar frå kvar klase i Fau. Fau har også ansvar for 17.mai.

Vi valde å gjere som Fau gjorde året før og delte oss i to slik at kvar klasse hadde ein representant i Fau, og ein representant i 17.mai-komiteen. Der kom opp eit par spørsmål på det første møtet som vart bestemt skulle opp i skulemiljøutvalget.

Fau hadde berre eitt møte etter nyttår. Grunnen til dette er at det ikkje har komme fleire saker inn til Fau, samt at rektor har hatt mykje å gjere på skulen i forbindelse med den pågåande oppussinga.

På møte i vår møtte berre 3 av 7 representantar, pluss rektor, så det vart litt amputert. Det vart gjennomgang av elevundersøkelsen på skulen. Rektor var nøgd med resultatet. Manger skule scorar over landsgjennomsnittet på nesten alle punkt.

Vi fekk også resultat frå foreldreundersøkelsen, der foreldre blir oppringt og må svara på spørsmål kring korleis dei er fornøgd med skulen sitt arbeid og korleis dei oppfattar at borna trivst/har det på skulen. 25 heimar vart oppringt.

Nokre av spørsmåle var litt vanskelege å svara på, så nokre av punkta kan gi missvisande resultat.

Det vil alltid være rom for forbedring. Og skulen jobbar kontinuerleg for å gjere skulekvardagen betre for alle. Både elevar og lærarar.

Fau-representantane som møtte fekk òg sjå dei nye garderobane tilknytta gymsalen.

## 17.mai-komiteen:

17.mai-komiteen gjekk tidleg i gang med arbeidet mot det store arrangementet det faktisk er å arrangere 17.mai for så mange menneske som vi er på Manger.

Fordelinga med å dele Fau og 17.mai komiteen vert litt ujavn, og det er på det reine at når det nermar seg 17.mai så lyt representantane som sit i Fau også belage seg på å være meir deltagande i sluttspurten enn dei har vore dei to siste åra.

Dette kan være lurt å ta med seg til dette skuleåret.

Kasserar i Fau kjem med tala for skuleåret 2016/2017.

(Steinar Brevik får ordet og legg fram budsjett.)

## Skulemiljøutvalget:

Fau valde også representantar til skulemiljøutvalget. 3 representantar, og 3 vara.

Skulemiljøutvalget hadde møte i novenber.

Her vart skuleruta 17/18 vedtatt, slik den var lagt fram frå fylket.

Det vart diskutert ulike tema:

Spørsmål om kvifor ein må betale for ein time kvar morgen på SFO, uansett om ein nyttar dette eller ikkje?

Kvifor er ikkje sfo open på inneklemde dagar?

På spørsmål om morgontimen vart det referert til eit tidligare skriv som er sendt ut.

På spørsmål om inneklemde dagar vart det referert til at ein berre betaler for 10 mnd, og i juli er det stengt. Resten er fordelt på dei andre feriane pluss inneklemde dagar.

Det har òg komme ein forespurnad om ein vil nytte opningstid frå kl 07.00 på SFO, mot ekstra betaling. Her var det for få som hadde behov/var villig til å betale til at SFO opnar kl 07.00

Det kom forslag om at helsesøster skulle være meir deltagande i friminutta, (observasjon)

og om ho eventuelt kunne stille på klasse-foreldremøte med info om korleis ho arbeidar på skulen og kva ho kan hjelpe med.

Kanskje ho kunne være med på foreldremøtet i februar, då første fau-møte vart avholdt etter første foreldremøte.

Det vart òg drøfta om kommunepsykolog kunne delta på foreldremøte og fortelje om korleis ho jobbar og kva ho kan bidra med for den enkelte.

Kan det eventuelt være eit alternativ med ulike temakveldar i kinosalen?

Barnevakten, etc.

Rektor jobbar vidare med desse forslaga med aktuelle fagpersonar.

Det vart òg gitt ein kort info om kap. 9a i opplæringslova og skulen sine prosedyrar i høve denne.

Elevrådet var også representert på møtet og gav eit innblikk i kva dei jobbar med.

Det var ytra ønskje om nokre leikestativ/aktiviteter for storskulen.

Kanskje ei Zip-line/taubane borte på graset ved parkeringsplassen.

Vi drøfta mulighet for å sökje om midlar til dette samt budsjetere med dugnad, men fristen for å sökje frå nokre av organa kom brått på og arbeidet med sjølve søknaden var så omfattande at dette ikkje vart mogeleg før fristen.

Det er veldig kostbart og ein er avhengig av midlar. Arbeidet med dette må berre halde fram, slik at alle elevane har noko å aktivisere seg med i friminuttet.

Fau er veldig glade for at det pågåande arbeidet med utviding av gymsalen, samt bygging av nye garderobar tilhørande denne er avslutta, slik at elevane på skulen kan få ta i bruk sårt tiltrengte garderobar med dusjfasiliteter i forbindelse med gymtimane.

Avslutningsvis vil eg få ysnkje Fau for skuleåret 2017/18 lukke til med arbeidet som ventar.

Fau Manger Skule